

Konkurransesgrunnlag

Inngåing av konsesjonskontrakt for
brukarstyrt personleg assistanse (BPA) –
Øygarden kommune

1 OPPDRAGET

1.1 Oppdragsgjevar

Øygarden er ein kommune i Vestland fylke.

All kommunikasjon, inkludert eventuelle spørsmål, skal skje gjennom kommunikasjonsverktøy for gjennomføring av konkurransen i Mercell.

1.2 Struktur av konkurransegrunnlaget

Konkurransegrunnlag består av:

- Konkurransegrunnlag (dette dokumentet)
- Konesjonsavtalen – NS 8435 (blir ikkje lagt ved)

1.3 Målet og omfanget av anskaffinga

Øygarden kommune vil inngå konsesjonskontrakt med inntil 6 leverandørar for brukarstyrt personleg assistanse (BPA). Dette inneber at brukarar som har vedtak om BPA kan velje ein privat leverandør. Det er om lag 20 brukarar i Øygarden kommune som har behov for BPA.

Øygarden kommune inviterer difor leverandørar til å søkje om tildeling av konsesjon i samanheng med levering av assistansetimar i ordninga brukarstyrt personleg assistanse til brukarar i kommunen. Inntil 6 av dei beste leverandørane som oppfyller kvalifikasjonskrava og minstekrava vil få tildelt konsesjon.

BPA er heimla i Lov om helse- og omsorgstenester av 24.06.2011, med tilhørande rettar i samsvar med pasient- og brukarrettigheitslova av 02.07.1999. Det er forvaltningseininga i Øygarden kommune som har ansvaret for å sikre at brukaren får oppfylt sitt tenestebehov i samband med einskildvedtak i helse- og omsorgstenestelova § 3-8, jf. § 3-2 fyrste ledd nr. 6 bokstav b, jf. også pasient- og brukarrettigheitslova § 2-1 bokstav d.

Det er estimert behov for 825 timar med brukarstyrt personleg assistanse til dei 20 brukarane kvar veke i 2024.

Konesjonskontrakta inneber fullt ansvar for drift og vederlag for dei valde leverandørane. Dette inneber at leverandørane ikkje mottek noko fast beløp frå oppdragsgjevar, og at oppdragsgjevar ikkje garanterer noko minstevolum av tenestene, sidan dette avheng av brukarens val.

1.4 Framdriftsplan for anskaffingsprosessen

Oppdragsgjevar har sett fylgjande tidsrammer for prosessen:

Aktivitet	Tidspunkt
Frist for å stille spørsmål til konkurransegrunnlaget	08.12.2023 kl. 12.00
Frist for kvalifikasjon	15.12.2023 kl. 12.00
Vurdering av kvalifikasjonssøknader	Uke 50-52
Val av leverandørar og melding til leverandørar	Uke 1-2 2024

Karensperiode	10 kalenderdagar
Inngåing av kontraktar	Uke 3-4 2024
Frist for å halde tilbodet oppe	15.03.2024 kl. 12.00

Merk at tidspunkta etter tilbudsfrist er førebelse og kan bli justert.

Ein eventuell forlenging av tilbodets vedståingsfrist kan berre skje dersom leverandøren godkjenner dette.

1.5 Nærmare om brukarstyrt personleg assistanse

BPA er regulert av pasient- og brukarrettighetslova § 2-1d (rettighetsbestemmelsen) og helse- og omsorgstenestelova § 3-8 og § 3-2 første ledd nr. 6 bokstav b (pliktbestemmelsen).

BPA er rettighetsfest for personar som er under 67 år og som har behov for tenestar i minst 2 år og treng minst 32 timar i veka. Personar kan òg ha denne retten dersom dei har behov for hjelp i minst 25 timar i veka, men ikkje om kommunen kan dokumentere at det blir vesentleg dyrare å organisere tenestene som BPA. Retten omfattar òg avlastningstiltak for foreldre med heimebuande barn under 18 år med nedsett funksjonsevne (helse- og omsorgstenestelova § 3-6 nr. 2). Helsetenester i avlastningstiltak er ikkje inkludert. Dersom brukaren har behov for fleire enn éin tenesteytar til stades, eller tenester om natta, har vedkomande ikkje rett til BPA. Unntaket er om brukaren har kontinuerleg behov for dette.

Sjølv om brukaren ikkje oppfyller vilkåra for rettighetsfesting, skal likevel kommunen vurdere å innvilge BPA. Helse- og omsorgstenestelova § 3-8 seier at kommunen skal tilby personleg assistanse etter § 3-2 første ledd nr. 6 bokstav b, i form av praktisk bistand og opplæring, organisert som brukarstyrt personleg assistanse.

Tildeling av BPA skal vurderast på same måte og innanfor dei same rammene som dei andre tenestene i helse- og omsorgstenestelova § 3-2 første ledd nr. 6, jf. § 3-1, jf. lov om pasient- og brukarrettigheter § 2-1a, andre ledd.

BPA er vidare beskrevet i Rundskriv I-9/2015. Tidlegare rundskriv I-20/2000 og I-15/2005 gjeld også i den grad dei passar.

Det kjem fram av rundskriv I-20/2000 at "brukarstyrt personleg assistanse er ei alternativ organisering av praktisk og personleg hjelp for sterkt funksjonshemma som har behov for bistand i dagleglivet, både i og utanfor heimen. Brukaren har rolla som arbeidsleiar og påteke seg større ansvar for organisering og innhald i forhold til sine behov. Innan dei tidsrammene som kommunens vedtak om praktisk bistand angir, kan brukaren i prinsippet styre kven han/ho vil ha som hjelpar(ar), kva assistentane skal gjere, kor og til kva tid hjelpa skal gis."

I rundskriv I-9/2005 blir det vist til at "brukarstyrt personleg assistanse er eit viktig bidrag til likeverd, likestilling og samfunnsdeltaking for personar med nedsett funksjonsevne og stort behov for bistand. For personar i denne situasjonen betyr BPA mykje for moglegheita til yrkesdeltaking, utdanning og eit aktivt og sjølvstendig liv. Rettighetsfestinga av BPA er grunngeven i eit ynskje om å trygge menneske med stort behov for praktisk bistand, ei større moglegheit til å ta ansvar for eige liv og eigen velferd."

1.6 Om tenestekonsesjon

Ein tenestekonsesjon er ei kontrakt der, i dette tilfellet, oppdragsgjevar gir leverandør(ar) rett til å nytte tenesta til ein avtalt pris per time.

Konsesjonshavar har ansvaret for å sikre innteninga og for å etablere og drive tenesta.

Denne kontrakten innskrenkar ikkje oppdragsgjevars ansvar for at den som har eit tenestebehov skal få ein forsvarleg teneste.

1.7 Avtalt pris

Prisen for tenesta er 490 kroner per time for faktisk utført assistanse.

Prisen inkluderer alle kostnader som leverandøren har knytt til den avtalte tenesta. Dette inkluderer mellom anna:

- Lønnskostnader per time, inkludert sosiale kostnader for personalet.
- Driftskostnader, som omfattar kostnader knytt til drift av tenesta, leiingssystem, arbeidsgjevarforplikingar overfor assistentar, annonsering og tilsetjing av assistentar m.m.
- Administrasjonskostnader, som omfattar kostnader knytt til leiing, personalforvaltning, samt økonomi- og planleggingsfunksjonar, fagleg utvikling, kartlegging, møteverksemd og andre administrative oppgåver m.m.
- Opplærings- og rettleiingskostnader for arbeidsleiarar og assistentar, inkludert behovet for personalmøter m.m.
- Økonomisk resultat/forteneste.

1.8 Prisregulering

Oppdragsgjevar skal regulere prisen i samsvar med SSBs KPI-JAE Tjenester der arbeidskraft dominerer, avrunda til næraste heile krone. Prisen blir regulert frå 1. juli, første gong med verknad frå 1.7.2024.

1.9 Avtale

1.9.1 Avtaleperiode

Konsesjonskontrakta vil i utgangspunktet ha ei varigheit på 4 år. Etter utløpet av denne perioden vil kontrakten fornyast med eitt år om gongen, inntil oppdragsgjevar seier opp avtalen. Avtalen kan seiast opp med seks månaders varsel før fornying.

1.9.2 Avtaleføresegn

Avtaleforholdet vil bli regulert av NS 8435:2017 Alminnelige kontraktsbestemmelser for brukarstyrt personleg assistanse (BPA) – med tilhøyrande blankettar A og B.

Norsk Standard-avtalar er opphavsrettsleg beskytta, og dermed ikkje mogleg å kunngjere eller publisere. Vi oppfordrar difor leverandørane til å bli godt kjende med føresegner i NS 8435 med tilhøyrande blankettar.

Det skal ikkje inngåast ytterlegare kontrakt mellom brukar (arbeidsleiar) og leverandør utover NS 8435 Blankett B.

1.10 Kunngjering

Konkurransen er kunngjort gjennom Mercell.

1.11 Tilleggsopplysningar

Dersom leverandøren finn at konkurransegrunnlaget ikkje gir tilstrekkeleg rettleiing, kan han skriftleg be om tilleggsopplysningar gjennom meldingsfunksjonen i Mercell.

Dersom det oppdagast feil i konkurransegrunnlaget, blir det bedt om at dette blir formidla skriftleg gjennom meldingsfunksjonen i Mercell.

1.12 Endringar av konkurransegrunnlaget

Innan tilbudsfristens utløp har oppdragsgjevar rett til å foreta rettingar, suppleringar eller endringar av konkurransegrunnlaget som ikkje er av vesentleg karakter.

2 REGLAR FOR GJENNOMFØRING AV KONKURRANSEN

2.1 Prosedyre

Konkurransen blir gjennomført i samsvar med lov av 17. juni 2016 nr. 73 om offentlege anskaffelsar og forskrift om konsesjonskontrakter av 12. august 2016 nr. 974 del I og III, i tillegg til dei føresegnene som kjem fram i dette konkurransegrunnlaget.

Oppdragsgjevar planlegg å tildele kontrakt utan å ha dialog med leverandørane utover å gjennomføre eventuelle avklaringar/korrigeringar.

Dialog gjennom forhandlingar kan likevel bli gjennomført dersom oppdragsgjevar, etter at tilboda er motteke, vurderer det som føremålstenleg. Utveljinga vil i så fall bli gjort etter ei vurdering av utveljingskriteria. Det blir presisert at ingen leverandørar kan forvente dialog om sitt tilbod og må difor levere sitt beste tilbod.

2.2 Tilbudsfrist

Siste frist for innlevering av tilbod er **15.12.2023 kl.12:00**.

Tilbudet skal bli levert i Mercell før tilbudsfristen går ut.

2.3 Innlevering av tilbod

Tilbodet skal leverast via Mercell og skal være på norsk. Tilbodet skal vere skriftleg og bindande. I tillegg blir det bedt om å levere ei utgåve av tilbodet der det som leverandøren meiner er forretningshemmelegheiter er sladda.

2.4 Ynskja framstillingsmåte

Tilbodet skal leverast slik som skildra under.

Dokumentasjon	Jf. Pkt.
<ul style="list-style-type: none">● Signert tilbodsbrief.	Jf. pkt. 2.11
<ul style="list-style-type: none">● Atterhald og evt. avvik skal klart framgå av tilbodsbriefet med visning til kor i tilbodet atterhaldet kjem fram (sidetall og punktnummer)	
<ul style="list-style-type: none">● Fullstendig dokumentasjon på kvalifikasjonskrava	Jf. pkt 3.1 til 3.4
<ul style="list-style-type: none">● Dokumentasjon på oppfylling av krava i kravspesifikasjonen i pkt. 4.	Jf. pkt. 4.2 til 4.6
<ul style="list-style-type: none">● Dokumentasjon ift. Utveljingskriteriet	Jf. pkt. 5.2

Tilbodet skal vere underskrive av person(ar) som har fullmakt til å forplikte leverandøren.

2.5 Vedståingsfrist

Leverandøren er bundet av tilbodet i 90 dagar etter tilbodsfristen.

2.6 Deltilbod

Det er ikkje høve til å gje tilbod på delar av oppdraget.

2.7 Alternative tilbod og minstekrav

Det er ikkje høve til å gje alternative tilbod.

2.8 Tilbodssynfaring /tilbodskonferanse

Det vil ikkje bli arrangert tilbodskonferanse eller tilbodssynfaring i denne konkurransen

2.9 Opplysningsplikt

Oppdragsgjevar vil gje skriftleg melding med ei kort grunngjeving dersom leverandør eller tilbod blir avvist, eller konkurransen blir avlyst.

2.10 Tausheitsplikt

Oppdragsgjevar og deira tilsette pliktar å hindre at andre får tilgang eller kunnskap om opplysningar om tekniske innretningar og framgangsmåtar eller drifts- og forretningsforhold som det vil være av konkurransemessig betydning å halde hemmelege, jf. forvaltningslova § 13.

2.11 Avvik

Det er ikkje høve til å ha vesentlege avvik frå anskaffingsdokumenta. Tilbod som inneheld slike vesentlege avvik, vil bli avvist.

Andre avvik skal vere presise og eintydige, slik at oppdragsgjevar kan vurdere og prissetje desse utan kontakt med leverandøren. Avvik skal klart framgå av tilbods brevet med tilvisning til kor i tilbodet avviket kjem fram (sidetall og punktnummer). Tilbodsforsida i vedlegg 1 blir nytta.

Leverandøren si tilvisning til standardiserte leveringsvilkår eller liknande blir betrakta som avvik frå anskaffingsdokumenta dersom dei avvik frå føreliggande konkurranse- eller kontraktsbestemmelser.

2.12 Avlysing av konkurransen

Oppdragsgjevar har rett til å avlyse konkurransen dersom det føreligg sakleg grunn, til dømes ved manglande godkjenning frå politisk hald.

3 KRAV TIL LEVERANDØRANE

3.1 Generelt om kvalifikasjonskrav

Kvalifikasjonskrav er krav som blir stilt for å sikre at leverandøren har dei naudsynt føresetnadene for å oppfylle kontrakten, og dermed for å delta i konkurransen. Tilbydarar som ikkje oppfyller kvalifikasjonskrava, skal bli avviste frå konkurransen.

Det skal ikkje leverast ESPD-skjema.

Oppdragsgjevar krev at vald leverandør leverer skatteattest for meirverdiavgift og skatteattest for skatt. Skatteattesten skal ikkje vere eldre enn 6 månader rekna frå fristen for å levere tilbod.

Oppdragsgjevar føreseier seg retten til å avvise leverandørar som ikkje har oppfylt forpliktingane sine med omsyn til å betale skattar og avgifter slik dette kjem fram i forskrift om offentlege anskaffingar. Dersom leverandøren har fått betalingsutsetjing, må dette leggjast ved som tilleggsinformasjon til skatteattesten.

Dersom leverandøren støttar seg på kapasiteten til andre føretak for å oppfylle kvalifikasjonskrava, skal det leggjast ved ei forpliktelseserklæring frå desse andre føretaka om at leverandøren har råderett over dei naudsynte ressursane. I tillegg må desse andre føretaka levere separate egenerklæringar.

3.2 Krav knytt til leverandøren si registrering, autorisasjonar m.m.

Krav	Dokumentasjonskrav
<ul style="list-style-type: none">Leverandøren skal vere eit lovleg etablert føretak	<ul style="list-style-type: none">Norske selskap: Firmaattest.Uteanlandske selskap: Dokumentasjon som stadfestar at selskapet er registrert i bransjeregister eller foretaksregister som pålagt i lovgjevinga i det landet der leverandøren er etablert.

3.3 Krav knytt til leverandøren si økonomiske og finansielle kapasitet

Krav	Dokumentasjonskrav
<ul style="list-style-type: none">Leverandøren skal ha økonomisk kapasitet til å gjennomføre oppdraget/kontrakta	<ul style="list-style-type: none">- Kredittvurdering/rating, ikkje eldre enn 1 år, basert på dei siste kjende rekneskapstala. <p>Oppdragsgjevar føreseier seg retten til å innhente eigne kredittvurderingar av leverandøren si verksemd.</p>

Dersom leverandøren har sakleg grunn (f.eks. nystarta bedrift) til ikkje å leggje fram den dokumentasjonen oppdragsgjevar har kravd, kan han dokumentere den økonomiske og finansielle kapasiteten sin med eit anna dokument som oppdragsgjevar ser som eigna.

3.4 Krav knytte til leverandøren sine tekniske/faglege kvalifikasjonar

Krav	Dokumentasjonskrav
<ul style="list-style-type: none"> ● God kompetanse og erfaring frå oppdrag av liknande art, omfang og kompleksitet. <p>Med liknande oppdrag meiner vi drift og leiing av BPA-ordningar.</p>	<ul style="list-style-type: none"> ○ Ei oversikt over relevante oppdrag som leverandøren har utført/utfører dei siste fem åra. ○ Referansane skal inkludere opplysningar om verdi eller antal timar, tidspunkt for utføring og oppdragsgjevar (namn, telefon og e-post). ○ Oppdragsgjevar føreseier seg retten til å ta kontakt med oppgitte referansar.
<p>Internkontroll: Leverandøren skal ha eit internkontrollsystem som samsvarar med krava i forskrift om leiing og kvalitetsforbetring i helse- og omsorgssektoren (FOR-2016-10-28-1250), jf. Helsetilsynslova (LOV-1984-03-30-15) § 3.</p>	<p>Søknaden skal innehalde fylgjande dokumentasjon:</p> <ul style="list-style-type: none"> o Innhaldsliste over internkontrollsystemet i verksemda. o Beskriving av korleis internkontrollsystemet blir implementert i verksemda.
<ul style="list-style-type: none"> ● Leverandør skal oppfylle kvalitetsforskrifta. Leverandøren skal tilfredsstillе dei krava som blir stilt til Oppdragsgjevar i forskrift om kvalitet i pleie- og omsorgstenestene for tenesteyting FOR-2003-6-27-792, i dei tilfella der leverandøren opptrer på vegne av Oppdragsgjevar. <ul style="list-style-type: none"> - Leverandør har ansvaret for opplæring, kurs og rettleiing av assistentar og arbeidsleiarar i samsvar med rundskriv I-9/2015 og Helsedirektoratet si opplæringsbok for brukarstyrt personleg assistanse. 	<p>Egenerklæring om at gjeldande lovgjeving er oppfylt. I tillegg skal leverandøren på førespurnad frå kommunen leggje fram den naudsynte dokumentasjonen slik at oppdragsgjevar kan vurdere om tenestene er forsvarlege o.l. Dette kravet gjeld gjennom heile avtaleperioden.</p>

Krav	Dokumentasjonskrav
<ul style="list-style-type: none"> Leverandøren skal tilfredsstillе dei krava som blir stilt ved utføring av helse- og omsorgstenester, inkludert kravet til forsvarlegheit i helse- og omsorgstenestelova § 4-1. 	Egenerklæring om at gjeldande lovgjeving er oppfylt. I tillegg skal leverandøren på førespurnad frå kommunen leggje fram den naudsynte dokumentasjonen slik at oppdragsgjevar kan vurdere om tenestene er forsvarlege o.l. Dette kravet gjeld gjennom heile avtaleperioden.

4 KRAV TIL ANSKAFFINGA

4.1 Kravspesifikasjon

Kravspesifikasjon under fylgjer oppdragsgjevar sine krav til anskaffinga. Manglande oppfylting av krav kan føre til avvising.

4.2 Krav til gjennomføring av tenesteoppdrag

Leverandøren skal sikre at tenesta blir gjennomført i samsvar med dei til ei kvar tid gjeldande lover og forskrifter. I tillegg skal forhold som fylgjer av rundskriv og rettleiingar frå statlege eller kommunale styresmakter bli ivaretatt som føresegn.

Leverandøren skal sjå til at kvar enkelt brukar får det tal timar som er tildelt frå Øygarden kommune i enkeltvedtak, og at tenesta har ein forsvarleg fagleg og etisk standard

4.3 Kapasitetstak

Leverandøren skal oppgje sitt kapasitetstak. Kapasitetstak syner til det maksimale talet timar BPA per veke som leverandøren kan tilby. Det blir stilt krav om at leverandøren må tilby minst 160 timar per veke.

Kapasitetstaket kan aukast i avtaleperioden etter nærare avtale. Leverandøren kan ikkje ensidig redusere kapasitetstaket i avtaleperioden. Leverandøren kan heller ikkje, innanfor det gjeldande kapasitetstaket, avslå oppdrag frå nye vedtakseigarar/arbeidsleiarar eller nekte å halde fram med å levere tenester til gjeldande vedtakseigarar/arbeidsleiarar.

Vedtakseigar/arbeidsleiar som leverandøren alt leverer tenester til, kan få vedtak om utviding av tenesta. Leverandøren skal då utvide si leveranse til vedtakseigar/arbeidsleiar i samsvar med det nye vedtaket, uavhengig av om kapasitetstaket er nådd. Dette kan føre til at leverandøren i periodar må levere tenester utover det avtalte kapasitetstaket.

Leverandøren kan i slike situasjonar ikkje ta imot oppdrag frå nye vedtakseigarar/arbeidsleiarar før det igjen er ledig kapasitet.

Dersom leverandøren ikkje oppgjev eit kapasitetstak, tilbyr leverandøren eit uavgrensa tal timar.

4.4 Krav til assistentar

De tilsette hje leverandøren som skal fungere som assistentar må:

- Vere 18 år eller eldre.
- Vise høfleg, respektfull og livssynsnøytral framferd ovanfor brukaren.
- Utføre arbeidet med fagleg god og etisk standard.
- Ha tilstrekkelege språkkunnskapar slik at kommunikasjonen med vedtakseigar/arbeidsleiar ikkje blir prega av misforståingar. Assistentar som har eit anna morsmål enn norsk, dansk eller svensk, må ha bestått språktest B1 munnleg ved tilsetjing. Krav til B1 munnleg kan fravikast i tilfelle hvor arbeidsleder selv har ønske om et annet morsmål, eller engelsk er godkjent.

4.5 Politiattest

Personar som skal utføre tenester i samsvar med helse- og omsorgstenestelova, skal ved tilbod om stilling framleggje politiattest i tråd med reglane i helse- og omsorgstenestelova § 5-4. Den som har vedteke førelegg eller er domfelt for brot på straffelova 1902 §§ 192, 193, 194, 195, 196, 197, 199, 200 anna ledd, 201 første ledd bokstav c, 203 eller 204 a eller straffelova 2005 §§ 291, 293, 294, 295, 296, 299, 301, 302, 303, 304, 305, 309, 310, 311, 312 og 314, er utelukka frå å utføre helse- og omsorgstenester til barn eller personar med utviklingshemming, jf. § 5-4a.

Dette inneber at leverandøren må sørge for at alle som skal tenestegjere som assistentar, skal leggje fram politiattest før tenesta blir sett i gong, og at personar som har vedteke førelegg eller er domfelt for brot på straffelovbestemmelsar som er nemnde i helse- og omsorgstjenestelova § 5-4a, ikkje blir tilsette som assistentar. Dette gjeld uavhengig av assistenten si stillingsmessige tilknytning til leverandøren.

Leverandøren har plikt til å halde seg oppdatert på gjeldande reglar om politiattest og å følgje desse.

4.6 Krav til lønns- og arbeidsvilkår

Avtalen vil innehalde krav om lønns- og arbeidsvilkår, dokumentasjon og sanksjonar i samsvar med forskrift om lønns- og arbeidsvilkår av 8. februar 2008 nr. 112.

5 TILDELING AV KONSESJON

5.1 Utvelgjingskriterium

Dersom det er meir enn inntil 6 leverandørar som er kvalifiserte i konkurransen og som oppfyller minstekrava, vil oppdragsgjevar nytte fylgjande utveljingskriterium:

Kriterium	Vekt	Dokumentasjonskrav
<ul style="list-style-type: none">• Beste kvalitet på referansane i pkt. 3.4, etter eventuell referansesjekk.• Leveransekapasitet og lågt sjukefråvær vil bli vekta positivt.• Tilgang til vikarar ved assistentens fråvær eller sjukdom, vil bli vekta positivt.	<ul style="list-style-type: none">• 100 %	Referansar i pkt. 3.4, med beskrivelse av leveransekapasitet og tilgang til vikarar (ref. kulepunkt til venstre).

Inntil 6 leverandørar som oppfyller kvalifikasjonskrava og minimumskrava til leveransen, samt aksepterer kontraktsvilkåra og prisen, vil bli tildelt kontrakt.

Oppdragsgjevar vil gje skriftleg melding med ei kort grunngjeving dersom tilbodet blir avvist.

* * *